Mobil 90189542 - E-postadresse: [kjartan.haugsnnes@hfk.no](mailto:kjartan.haugsnnes@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

4. Aktuelle konferansar i 2020 med kontrollutval som målgruppe  
Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) skal halde sin årlege kontrollutvalskonferanse på Gardermoen 29.01-30.01.2020  
Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) skal halde sin årlege fagkonferanse på Gardermoen 03.06 – 04.06.2020

Det vert tilrådd at kontrollutvalet i kommunen vurderer deltaking på begge desse konferansane.

5. Kontrollutvalet og media  
Slik sekretariatet ser det vil det vera føremålstenleg at det er leiar i kontrollutvalet som uttaler seg til media på vegne av utvalet. Det vert tilrådd at det vert gjort vedtak om dette.
6. Eventuelt  
Til no har «eventuelt» vore siste sak på sakslista. Her har ein t.d. kunna spelt inn om ein ønskjer meire informasjon om noko i komande møte. I dette møtet er det tenkt å nemna «Forum for oppvekst i Sunnhordland» - om utvalet ønskjer meire informasjon om dette forumet. Frå årsskiftet vert det noko omlegging av saksoppsett i sak / arkivsystemet me nyttar, der punktet «eventuelt» utgår. Det kan og drøftast i møtet korleis ein då skal kunna spela inn aktuelle tema mv.
7. Møteplan  
Det vert sett opp første møte i 2020 i dette møtet. Møteplan for resten av 2020 vert sett opp i første møte i nytt år. Ein ber utvalet kome med innspel på vekedagar og tidspunkt som høver.

Konklusjon:

På bakgrunn av det som går fram over tilrår sekretariatet at det vert gjort slike vedtak.

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet sine medlemmer får abonnement på Kommunerevisoren
2. Kontrollutvalet vil prioritere at alle medlemmane deltek på folkevaldopplæring på Solstrand 18. og 19. februar 2020
3. Kontrollutvalet vil prioritere at nokon frå utvalet deltek på ein eller begge fagkonferansane for kontrollutval i 2020
4. Kontrollutvalet er samde i at det er leiar i utvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet.
5. Første møte i kontrollutvalet i Stord kommune 2020 vert:
6. Kontrollutvalet tek elles informasjonen til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
Seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*





Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 000  
Arkivnr: 2019/124-2  
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	55/19	11.12.2019

### Tieplikt for kontrollutvalet

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet har mange saker til handsaming og har stor grad av rett til innsyn, jf. kommunelova § 23-2 som lyd slik:

*«Kontrollutvalget kan kreve at kommunen eller fylkeskommunen legger fram enhver opplysning, redegjørelse eller dokument som utvalget finner nødvendig for å utføre sine oppgaver. Kontrollutvalget kan også foreta undersøkelser som det mener er nødvendige. Taushetsplikt er ikke til hinder for å gjennomføre kontrolltiltak etter dette leddet.»*

På bakgrunn av dette vert det gjennom denne saka gjort greie for det regelverk som gjeld i høve tieplikt for folkevalde.

Drøfting:

For ordens skuld vert opplyst om at det er kontrollutvalet som politisk organ som kan be om informasjon som er unnateke offentleggjering. Kvar enkelt utvalsmedlem kan ikkje sjølv ta kontakt med kommuneadministrasjonen med krav om å få utlevert slik informasjon.

Tieplikt for folkevalde er regulert i forvaltningslova § 13 som lyd slik:

«§ 13. (taushetsplikt).

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid for et forvaltningsorgan, plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til det han i forbindelse med tjenesten eller arbeidet får vite om:

1) noens personlige forhold, eller

2) tekniske innretninger og fremgangsmåter samt drifts- eller forretningsforhold som det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeligholde av hensyn til den som opplysningen angår.

Som personlige forhold regnes ikke fødested, fødselsdato og personnummer, statsborgerforhold, sivilstand, yrke, bopel og arbeidssted, med mindre slike opplysninger røper et klientforhold eller andre forhold som må anses som personlige. Kongen kan ellers gi nærmere forskrifter om hvilke opplysninger som skal regnes

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 90189542 - E-postadresse: [kjartan.haugsnnes@hfk.no](mailto:kjartan.haugsnnes@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

som personlige, om hvilke organer som kan gi privatpersoner opplysninger som nevnt i punktumet foran og opplysninger om den enkeltes personlige status for øvrig, samt om vilkårene for å gi slike opplysninger. Taushetsplikten gjelder også etter at vedkommende har avsluttet tjenesten eller arbeidet. Han kan heller ikke utnytte opplysninger som nevnt i denne paragraf i egen virksomhet eller i tjeneste eller arbeid for andre.»

Heile lovparagrafen kan lesast her: [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-0210/KAPITTEL\\_3#KAPITTEL\\_3](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-0210/KAPITTEL_3#KAPITTEL_3)

Konklusjon:

Medlemmene i kontrollutvalet er på bakgrunn av det som går fram over gjort kjent med regelverket for lovbestemt teieplikt.

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek informasjonen om lovbestemt teieplikt som går fram av saka til etterretning, og vil følge dette i sitt arbeid i kontrollutvalet.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 000  
Arkivnr: 2019/124-3  
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	56/19	11.12.2019

### Korleis melde avbod til møta i kontrollutvalet.

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet har 5 medlemmar. Når nokon må melde avbod til eit møte er det difor særst viktig at dette skjer så fort som råd er til rette vedkommande slik at vara kan kallast inn.

På bakgrunn av dette vert det i denne saka gjort greie for rutinar som skal gjelde i høve avbod til møta i kontrollutvalet.

Drøfting:

Sekretariatet vil minna alle i kontrollutvalet om at det er viktig å melde ifrå når ein er forhindra i å koma til møte. Det er og viktig at slike meldingar vert gjeve på rett måte.

I denne informasjonen vert der skissert nokre "køyrereglar" for korleis ein skal melde avbod.

1. Første regel er Å MELDA FRÅ. Gjer dette i så god tid som råd er før møtet. Det er vanskeleg for sekretariatet å få kontakt med vararepresentant ved kort varsel, og for vararepresentanten å møta på kort varsel.
2. Den som er vald som medlem av kommunalt organ har plikt til å møta om det ikkje ligg føre gyldig forfall.  
*Ny kommunelov § 8-1. «Rett og plikt til å delta i møte Medlemmer av et kommunalt eller fylkeskommunalt folkevalgt organ plikter å delta i organets møter hvis de ikke har gyldig forfall.»*

Dette betyr at forfall alltid skal grunngjevast.

3. Meld ikkje avbod til kommuneadministrasjonen. Det er sekretariatet si oppgåve å kalla inn vara, og sjå til at kontrollutvalet er vedtaksføre når møtet startar.
4. Du skal ikkje gje melding til din vararepresentant, dette er sekretariatet si oppgåve.
5. Du bes fortrinnsvis om å melde frå om forfall ved å ringa til våre mobiltelefonar som er oppført på første sida av innkallinga. Du kan også sende e-post eller SMS med melding om forfall. Hugs alltid at forfall skal grunngjevast.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 90189542 - E-postadresse: [kjartan.haugsnnes@hfk.no](mailto:kjartan.haugsnnes@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Konklusjon:

Medlemmene i kontrollutvalet er på bakgrunn av det som går fram over gjort kjent med rutinar som gjeld for å melde avbod til møta i utvalet

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar til etterretning dei rutinane som gjeld for å melde avbod til møta i utvalet.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes  
Seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 000  
Arkivnr: 2019/124-5  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	57/19	11.12.2019

### Tilrådingar etter evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i førre valperiode

#### Samandrag

##### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet i Stord kommune gjorde slikt vedtak i sak PS 38/19 i møte 24.09.2019:

«Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Stord kommune i valperioden 2015 – 2019 blir å leggja fram for kontrollutvalet i valperioden 2019 – 2023»

Resultat av evalueringa er teke inn i saksframlegget.

##### Drøfting:

Dette vart ført inn i møteprotokollen etter sist møte:

Nr.	Spørsmål	Svar
1	I kva grad blir møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte? Kva kan gjerast betre?	Fungert bra. Arbeidar relativt effektivt. Godt førebudd. Medlemmane har møtt på dei fleste møta. Godt å støtta seg til saksførebuinga frå sekretariatet og revisjonen. Møtet gjennomført med god tone, sjølv om det evt. er alvorlege saker. Arbeida meir med grenseoppgang ift. kva saker utvalet bør ta. Prioritera viktige saker. Viktig å kommunisera kvifor ein går inn i eit kontrollarbeid.
2	Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?	Ok med 5-6 møter pr. år.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91105982 - E-postadresse: [Hogne.Haktorson@hfk.no](mailto:Hogne.Haktorson@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

3	Klarer KUV å fylle kontrollfunksjonen på ein god måte? Kva kan gjerast betre?	Ordførar synest kontrollarbeidet vert utført på ein ryddig og god måte. Evt. sjå på grensesnittet – kva ein går inn i.
4	I kva grad har KUV hatt økonomiske rammer til å gjennomføre oppgåvene på ein god måte?	Ligg på eit tilfredsstillande nivå no, og det er viktig å oppretthalda.
5	Korleis blir KUV oppfatta av andre sentrale aktørar, slik som kommunestyret og administrasjonen?	Rådmann: ok – godt inntrykk av KUV. Sjå elles pkt. 13 og 16.
6	Har kommunestyret og administrasjonen forståing av kva rolle og ansvar KUV har? Korleis kan KUV bidra til ei god forståing?	Det er grei forståing for KUV si rolle. Grei ansvarsdeling.
7	Er det klåre roller og klår ansvarsdeling mellom KUV, kommunestyret og administrasjonen?	Ja – grei ansvarsdeling.
8	I kva grad er KUV synleg nok på kommunen si heimeside?	Kontrollutvalet ønskjer at utvalsmøtene (innkalling og møtebok) er å finna på same nettside som dei øvrige utvala.
9	Bør KUV gjere meir og/ eller mindre av noko?	Gjerne synleggjera kontrollutvalet med å invitera seg ut til kommunale verksemer / kommunal arbeidsplassar. Sjå elles pkt. 16.
10	Korleis fungerer samhandlinga med revisor? Kva kan gjerast betre?	Fungerar godt. Revisjonen er flinke med å rettleia / opplysa. Dei har hatt greie kurs.
11	Korleis fungerer arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll?	Rådmann: Fungerar bra. Utvalet meiner det same.
12	Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet? Kva kan gjerast betre?	Fungert godt. God kunnskap. Godt samanlikningsgrunnlag opp mot andre kommunar. Ryddig. Godt førebudd. Gode forklaringar. Gode saksframstillingar. Gode råd. Diplomatsk. Raus.
13	Kontrollutvalet og henvendingar: - Frå innbyggjarar - Tilsette - Andre folkevalde	Ikkje ønskt at utvalet skal vera eit «konfliktråd». Ikkje klageorgan. Ikkje organ for politiske omkampar. Ikkje organ for oposisjonspolitik. Normalt ikkje inn i saker som er til klagehandsaming eller i domstol. Henta inn alle perspektiv. Kontrollarbeid framfor partipolitikk.
14	Kva bør folkevaldopplæringa for det nye KUV innehalde og kor omfattande bør det vera? - Tilstreккеleg ressursar til opplæring.	«Solstrand-samling» for kontrollutvala i Hordaland (Ved oppstart av valperioden og midt i valperioden) var bra. Greitt å treffa utvalsmedlemmar frå fleire kommunar.
15	Folkevaldopplæringa for kommunestyret: - Bør KUV få delta her? - Bør roller og ansvar for KUV presenterast her?	Ja. Ja. Gjerne v/ nokre av dei tre i kontrollutvalet som er med i det nye kommunestyret.
16	Anna	Mange statlege tilsyn ift kontrollutvalet sitt arbeid. Nasjonal tilsynskalender vert arbeidd med, for å sjå heilskapen ift. kontroll og tilsyn overfor kommunane. Obs framlegginga av saker frå kontrollutvalet i kommunestyret – framlegging av kontrollutvalsleiar, like så gjerne som at revisjonen legg desse fram?

Det kan nemnast at utvalseiar, revisjon og sekretariat var tilstades under evalueringa, og kan supplera i møtet.

Utvalet må så drøfta om dette er innspel dei vil merka seg for arbeidet i komande valperiode.

Konklusjon:

Sekretariatet føreslår at kontrollutvalet sluttar seg til tilrådingane frå utvalet i førre periode. Det vert tilrådd å be sekretariatet om å arbeide vidare med dette.

Dersom pkt. 2 i forslag til vedtak alt er ivareteke i gjennomført folkevaldopplæring for kommunestyret, så kan ein sjå bort frå det.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet sluttar seg til tilrådingane fra utvalet i førre periode.
2. Kontrollutvalet ber om å få ein halvtime til å informera om utvalet si rolle og ansvar for kommunestyret i eit av dei første møta i 2020.
3. Utvalet ber sekretariatet om å arbeide vidare med tilrådingane.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216  
Arkivnr: 2019/132-1  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	58/19	11.12.2019

## KPMG presenterer interimisrevisjonsrapport for 2019

### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet i kommunane har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon, jf. kommunelova § 23-2 Kontrollutvalets ansvar og myndigheit, der det m.a. står:

*«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»*

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 3, der det m.a. står:

*«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet»*

### Drøfting:

Interimsrevisjon kan forklarast slik:

Interimsrevisjon er den revisjonen som vert gjennomført i løpet av året for å kontrollera at dei interne kontrollane fungerer som føresett gjennom året. I interimisrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innen utvalde område.

Interimsrevisjonsrapporten bygger på revisjonsplan for 2019 frå KPMG AS, som vart presentert på kontrollutvalet sitt møte 24.09.2019.

I dette møtet vil KPMG AS presentera oppsummeringa av dette arbeidet. Dette vil, til liks med presentasjon av revisjonsplanen, vera ein lekk i å sjå til at kommunen sine rekneskapar vert revidert og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91105982 - E-postadresse: [Hogne.Haktorson@hfk.no](mailto:Hogne.Haktorson@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.



På bakgrunn av det som kjem fram i presentasjonen bør kontrollutvalet, slik sekretariatet ser det, få høve til å koma med forslag til fokusområde i årsrevisjonen som skal gjennomførast framover, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som avgjer kva som skal vera med.

Oppsummering av interimrevisjonsarbeidet ligg ved. Av følgeskrivet går det fram at KPMG ikkje har innhenta kommentarar frå administrasjonen til merknadene, men vil gjere det til møtet 11.12. Vedlagt oppsummering vil ligga til grunn for orientering i utvalsmøtet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar oppsummeringa etter interimrevisjon 2019 frå KPMG AS til orientering.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2019 frå KPMG AS til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Oppsummering etter interimrevisjon 2019



# Stord kommune 2019

Oppsummering etter interimrevisjon

# Innhold

## **Innhold**

Status etter interim	3
Fokusområde for 2019 revisjonen	4
Observasjonar intern kontroll	5



# Status etter interim


- Vi har utført planleggingshandlingar i samsvar med revisjonsplanen.
- Vi har gjennomgått kjerneprosessar saman med nøkkelpersonell innanfor ulike driftsinntekter, lønsutgifter, innkjøp og bank.
- Vi har gjennomgått transaksjonsflyt og internkontroll i kjerneprosessar
- Vi har identifisert fokus-/risikoområde som vil krevje oppfølging fram mot årsslutt (sjå eige ark).



# Fokusområde - finansrekneskapsen

Kommunen har fleire ulike operasjonelle risikoar. I revisjonen har vi fokus på dei tilhøve som potensielt kan påverke postar i årsrekneskapsen.

Misligheter dukkar stadig opp i media; det viktigaste er eit godt kontrollmiljø.



# Observasjonar intern kontroll

Område	Observasjon	Risiko	Tilråding
Lønn – endring av lønnsdata	Samtlige tilsette på lønnsavdelinga har tilgang til å endre lønnsdata, dvs. at dei har tilgang til systemet og kan endre satsar, kontonummer og andre lønnsdata.	Feil grunnlag for lønnsutbetalingar til tilsette og uautoriserte endringar av lønnsdata.	Vi vil tilrå at kommunen etablerer rutinar som gjer at endringar må godkjennast av ein annan enn den som gjer sjølve endringa i systemet. Eit anna alternativ er å avgrense talet på tilgangar. Vi tilrår kommunen å sjå på loggar over endringar, for å avdekke om nokon kan ha gjort uautoriserte endringar.
Rekneskap – endring av faste data	Fleire tilsette kan endre faste data i rekneskapssystemet uten etterkontroll.	Feil i grunndata, bevisst eller ubevisst. Det aukar risikoen for at nokon kan legge til nye leverandørar og endre kontonummer i reskontro etc. Manglende etterkontroll medfører risiko for feil eller mislegheiter. Risikoen vert redusert ved at alle utbetalingar skal godkjennast av to ulike personar.	Vi tilrår at talet personar med tilgang til å endre faste data vert redusert. Det kan f.eks. etablerast nokon superbrukarar med ansvar for å vedlikehalde «masterdata», og at alle endringar av faste data må gjerast av desse, eller godkjennast av desse. Vi tilrår at det som eit minimum vert etablert rutine for etterkontroll av endringar av faste data.





[kpmg.com/socialmedia](https://kpmg.com/socialmedia)



[kpmg.com/app](https://kpmg.com/app)



© 2019 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent firms affiliated with KPMG International Cooperative (“KPMG International”), a Swiss entity. All rights reserved.

The information contained herein is of a general nature and is not intended to address the circumstances of any particular individual or entity. Although we endeavor to provide accurate and timely information, there can be no guarantee that such information is accurate as of the date it is received or that it will continue to be accurate in the future. No one should act on such information without appropriate professional advice after a thorough examination of the particular situation.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2019/45-8  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	59/19	11.12.2019

## Forvaltningsrevisjon innan plan- og byggesakshandsaming - Status i arbeidet

### Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde 24.09.19. slik vedtak i sak PS 45/19:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan plan- og byggesakshandsaming.
2. KPMG vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar og ressursbruk.
3. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenna prosjektplanen. Før godkjenning av planen skal utvalsmedlemmane ha fått høve til å gje sine merknader, med svarfrist på to dagar.
4. Prosjektplanen vart lagt fram som referatsak i neste møte.

KPMG utarbeidde så prosjektplan, med slik **føremål**:

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å vurdere om Stord kommune har ei styring og internkontroll med byggesak som er hensiktsmessig og tilstrekkeleg for å ivareta krava som gjeld for byggesaker. I tråd med signal frå kontrollutvalet fokuserer vi på byggesak i denne forvaltningsrevisjonen. Forvaltningsrevisjonen vil vere forbetningsorientert, og vil ha som føremål å gi tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer forbetningsområde.

Basert på føremålet vart det sett opp slike **problemstillingar**:

1. Kva system for internkontroll er etablert for plan- og byggesak?
2. I kva grad er kommunen si etterleving av internkontrollen tilstrekkeleg for å sikre oppfølginga av krava for byggesak?

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91105982 - E-postadresse: [Hogne.Haktorson@hfk.no](mailto:Hogne.Haktorson@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgiro nr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.



3. For eit utval av byggesaker; i kva grad etterlevast krava til sakshandsaming i plan- og bygningsloven?

Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, godkjente vedlagt prosjektplan 14.10.19. Av e-posten (bestillinga), gjekk følgjande fram:

*«No har kontrollutvalsmedlemmane hatt utkast til prosjektplan til uttale, utan at det vart mottekne andre innspel innan fastsett frist enn følgjande frå utvalsleiar:*

*«I forbindelse med case, kunne det være en ide å innhente informasjon fra søker om hvordan denne oppfatter handsaminga av søknaden også.»*

*Utvalsleiar har no vedteke vedlagt prosjektplan i samråd med sekretariatet, på fullmakt frå kontrollutvalet (jmf. vedtak i sak PS 45/19 i møte 24.09.19). Merknaden overfor vert sett på som eit innspel KPMG kan ta med seg. Frå vår side må ikkje prosjektplanen endrast på bakgrunn av dette innspelet.*

*KPMG kan med dette starta arbeidet med revisjonen.*

*Sekretariatet ser det som naturleg at det vert ei statusmelding om framdrift i kontrollutvalet sitt neste møte, 27.11.19. I det møte vil ein og sjå på ny dato / nye datoar for utvalsmøte i 2020, slik at ein kan sikta seg inn mot ferdigstilling som passar ift. eit av møtene.*

*Kostnadsfordeling fordelt på 2019 og 2020 er omtalt i tidlegare e-post*

*Lukke til med arbeidet!»*

Drøfting:

I dette møtet vil KPMG orientere om status og framdrift så langt i prosjektet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. prosjektplan eller leveringstid, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

**Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Forvaltningsrevisjon innan plan- og byggesakshandsaming, prosjektplan



# Prosjektplan

**Plan- og byggesakshandsaming**  
Stord kommune

Oktober 2019

[www.kpmg.no](http://www.kpmg.no)

# Innhold

<b>1. Innleiing</b>	<b>2</b>
1.1 Bakgrunn	2
1.2 Førebuing	2
1.3 Forslag til tilnærming	4
<b>2. Føremål, problemstillingar og revisjonskriterier</b>	<b>5</b>
2.1 Føremål	5
2.2 Problemstillingar	5
2.3 Revisjonskriterier	5
<b>3. Tilnærming</b>	<b>6</b>
3.1 Metode	6
3.2 Aktivitets- og framdriftsplan	7
<b>4. Utførande revisorar</b>	<b>8</b>
4.1 Prosjektteam	8
<b>5. Honorar</b>	<b>9</b>

# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Forvaltningsrevisjon av plan- og byggesakshandsaming er eit prioritert område i plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020. Kontrollutvalet vedtok i møtet 24.09.2019 å bestille ein prosjektplan på dette temaet.


## 1.2 Førebuing

Det er eit mål å utarbeide ein god prosjektplan med relevante og vesentlege problemstillingar for ein forvaltningsrevisjon. KPMG har gjennomført ein prosess for å konkretisere føremål og problemstillingar. Vi har innhenta oversikt gjennom følgjande:

- ✓ Samtale med einingsleiar RBO
- ✓ Kommunen sine heimesider og planverk
- ✓ Lovverk omkring plan- og byggesaker

### 1.2.1 Organisering av plan og byggesak i Stord kommune

Eininga regulering, byggesak og oppmåling (RBO) har ansvar for plan- og byggesaker i Stord kommune. Eininga har også ansvar for kart og oppmålingstenester i kommunen. RBO er ein del av tenesteområdet bustad og eigedom. RBO er organisert på følgjande måte:



Figur 1. Organisasjonskart RBO.

RBO blir leia av ein einingsleiar, og er delt i tre avdelingar; regulering, byggesak og kart. Kvar avdeling har ein fagleiar. Byggesaksavdelinga har ansvaret å handtere byggesaker, medan reguleringsavdelinga arbeidar med planarbeid og kartavdelinga arbeider med kart og oppmåling.

Informasjon om søknadsprosessen for byggesaker, og skjema for utfylling av søknad, er tilgjengeleg under avdeling byggesak si nettside på kommunen si heimeside.<sup>1</sup> Det er også tilgjengeleg informasjon om kommunens plan- og reguleringsarbeid på kommunen sine heimesider.<sup>2</sup>

Kommunen sitt planverk blir vedteke av kommunestyret.

## 1.2.2 Lovverk

*Lov om planlegging og byggesaksbehandling* (plan- og bygningsloven) regulerer kommunen sine oppgåver som plan- og bygningsmynde. Lova er delt i seks delar, kor andre del omhandlar plan og fjerde del byggesaker. Kommunen har ansvar for å utføre oppgåvene som dei etter lova, med forskrifter, skal utføre - irekna ansvar for at lovgjevinga blir overheldt.

Plandelen regulerer krav til kommunen si planlegging og kommunen sine planoppgåver. Kommunestyret skal leie den kommunale planlegginga og sørge for at plan- og bygningslovgjevinga blir fylgt i kommunen. Kommunestyret skal vidare vedta kommunal planstrategi, kommuneplan og reguleringsplan.

Byggesaksdelen, § 20-2, regulerer kva form for tiltak kor det er nødvendig å søkje kommunen, som plan- og bygningsmynde, om løyve. Tiltak delast i tre kategoriar:

- ✓ Søknadspliktige tiltak med krav om ansvarlege føretak (§ 20-3)
- ✓ Søknadspliktige tiltak som kan forvaltast av tiltakshavar (§ 20-4)

Tiltakshavar er her den person eller føretak tiltaket utførast på vegne av.

- ✓ Tiltak unndrege søknadsplikt (§ 20-5)

Kapittel 21 regulerer handsaminga av søknadar. Førehandskonferanse kan arrangerast for å avklare rammer og innhald i tiltaket. Søknaden skal vere skriftleg og underteikna av tiltakshavar og søkjar. Tiltaket skal underleggjast uavhengig kontroll. Søknaden skal innehalde dokumentasjon på at naboar er varsla på lovleg måte. Eventuelle merknadar frå naboar og andre myndigheiter skal leggjast ved søknaden. Kommunen har samordningsplikt med øvrige offentlege myndigheiter. Søknadar etter § 20-2 skal handsamast snarast mogleg og seinast innan 12 veker. Ved overskriding av fristen skal kommunen tilbakebetale byggesaksgebyret. Søknadar etter § 20-3 og § 20-4 skal avgjerast innan 3 veker om det er i samsvar med avgjersler gitt i denne lova og om det ikkje føreligg merknadar frå naboar eller andre myndigheiter. Søknadar som krev dispensasjon frå plan skal avgjerast innan 12 veker. Søknadar om igangsetjing skal handsamast og ferdigattest utstedast innan 3 veker.

§ 23-3 gir krav til ansvarlege føretak, som skal oppfylle krava som fylgjer av forskrifter om ansvarsrett. Ansvarsrett finn stad ved at signert erklæring sendast til kommunen. Kommunen skal treffe vedtak om å frata føretak ansvarsrett ved alvorlege brot på lova eller løyve gitt av lova, eller om kommunen finn ut at føretak ikkje oppfyller krava i forskrifter om ansvarsrett.

Sakshandsaminga av plan- og byggesaker blir vidare regulert i byggesaksforskriften.

*Forvaltningsloven*, med dei særlege avgjersler gitt i denne lova, er gjeldande for plan- og byggesaker. Det kan ikkje klagast på forhold avgjort i bindande reguleringsplan, ved dispensasjon eller i tidlegare

<sup>1</sup> <https://www.stord.kommune.no/byggesak.426918.no.html>

<sup>2</sup> <https://www.stord.kommune.no/plan-og-regulering.426917.nn.html>

vedtak i byggesaka, og kor klagefristen for desse vedtaka er gått ut. Statlege organ kan klage om vedtaket direkte omhandlar vedkommande mynde sitt saksområde. Ein kvar har rett til dokumentinnsyn etter offentleglova og miljøinformasjonsloven.

### 1.3 Forslag til tilnærming

Vi foreslår at vi i denne forvaltningsrevisjonen fokuserer på fylgjande tema:

- ✓ System for og etterleving av internkontroll innan plan- og byggesaker
- ✓ Etterleving av krav knytt til sakshandsaming av byggesaker

#### Internkontroll

Ny og gamal kommunelov set krav til at det etablerast system og rutinar for å sikre at organisasjonen etterlev gjeldande krav. KS sine rettleiarar "85 tilrådingar for styrkja eigenkontroll" og "Rådmannens internkontroll" gir rettleiing til kommunar i korleis ein betryggjande kontroll skal sikrast:

- ✓ Dokumentere internkontrollen
- ✓ Ha, bruke og vedlikehalde dokument som gjer greie for roller og ansvar
- ✓ Ha ein systematisk tilnærming til kompetanseutvikling og -sikring
- ✓ Prioritere nok ressursar til den løpande internkontrollen
- ✓ Etablere tiltak for god løpande informasjon og kommunikasjon til leiarar og medarbeidarar
- ✓ Følgje opp internkontrollen systematisk og reagere ved avvik og brot (ha et avvikssystem)

I ny kommunelov § 25 setjast det krav til at internkontrollen skal vere systematisk og tilpassast verksemda si størrelse, aktivitetar og risikoforhold. Kommunedirektøren er ansvarleg for internkontrollen, og skal:

- ✓ Utarbeide ei skildring av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering
- ✓ Ha nødvendige rutinar og prosedyrar
- ✓ Avdekkje og følgje opp avvik og risiko for avvik
- ✓ Dokumentere internkontrollen i den form og omfang som er nødvendig
- ✓ Evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll

Vi foreslår at vi i denne revisjonen fokuserer på kommunen/RBO sitt system for internkontroll innan plan- og byggesak, samt etterlevinga av dette systemet i praksis.

#### Etterleving av lov og forskrift

Kommunen har ansvar for at lovgjevinga omkring plan- og byggesakshandsaming, inkludert plan- og bygningsloven, blir overheldt. Plan- og bygningsloven med forskrifter og forvaltningsloven stiller tydelege krav til kommunen si sakshandsaming av byggesakssøknadar. Til dømes blir det sett tidsfristar for handsaminga av ulike typar søknadar. Her foreslår vi at revisjonen fokuserer på etterlevinga av krava knytt til kommunen si sakshandsaming av byggesaker i konkrete byggesaker.

# 2. Føremål, problemstillinger og revisjonskriterier

## 2.1 Føremål

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å vurdere om Stord kommune har ei styring og internkontroll med byggesak som er hensiktsmessig og tilstrekkeleg for å ivareta krava som gjeld for byggesaker. I tråd med signal frå kontrollutvalet fokuserer vi på byggesak i denne forvaltningsrevisjonen.

Forvaltningsrevisjonen vil vere forbetningsorientert, og vil ha som føremål å gi tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer forbetningsområde.

## 2.2 Problemstillinger

På bakgrunn av føremålet blir fylgjande problemstillingar føreslegne:

1. Kva system for internkontroll er etablert for plan- og byggesak?
2. I kva grad er kommunen si etterleving av internkontrollen tilstrekkeleg for å sikre oppfølginga av krava for byggesak?
3. For eit utval av byggesaker; i kva grad etterlevast krava til sakshandsaming i plan- og bygningsloven?

## 2.3 Revisjonskriterier

Til problemstillingane stiller vi opp revisjonskriterium. Revisjonskriteria er dei krav og normer som tilstand og/eller praksis i kommunen målast mot. Revisjonskriterium må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Sentrale kjelder til å utleie revisjonskriterium vil vere:

- ✓ Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
- ✓ Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven), med forskrifter
- ✓ Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven)
- ✓ Kommunen sine system og rutinar i internkontroll knytt til plan- og byggesakshandsaming
- ✓ God praksis for internkontroll. Vi vil her byggje på KS sin veileder, "Rådmannens internkontroll, 2013".

# 3. Tilnærming

## 3.1 Metode

For å svare på problemstillingane vil vi samla inn data ved bruk av følgjande teknikkar:

- ✓ Dokumentanalyse
- ✓ Intervju
- ✓ Case

Vi vil innhente og gjennomgå dokumentasjon frå kommunen og RBO som kan gje informasjon om problemstillingane. Problemstilling 1 vil vere ei deskriptiv kartlegging av internkontrollen i plan- og byggesak, medan vi i problemstilling 2 vil vurdere etterlevinga av dette systemet. I problemstilling 2 vil vi ha eit særleg fokus på monitoreringa og justeringa av internkontrollen, samt etablering av tiltak for å justere internkontrollen. Vi vil samle inn dokumentasjon som gir informasjon om kommunen og RBO sitt internkontrollsystem for plan- og byggesak, samt interne rutinar i RBO for sakshandsaming av byggesaker.

Vi vil gjennomføre intervju med relevante informantar. Føremålet med intervju er å få utfyllande informasjon om internkontrollsystemet samt om praksis som gir informasjon om etterlevinga av internkontrollsystemet. Det vil vere hensiktsmessig å ha intervju med einingsleiar RBO, sakshandsamarar og fagleiarane i avdelingane regulering og byggesak. Andre relevante respondentar kan også bli intervjuet. Føremålet med intervju er å få utfyllande informasjon og forklaring til dokumentasjonen. Ved gjennomføring av intervju vert det utarbeid intervjuguidar. Frå kvart intervju skriv vi referat som vi sender til kvar enkelt respondent til verifisering. Informasjonen som samlast inn frå dokumentasjon og intervju vil bli gjennomgått og analysert opp mot revisjonskriteria. Dette vil nyttast for å gi svar på problemstillingane i forvaltningsrevisjonen.

Ei casestudie av byggesøknadar vil vere naudsynt for å svare ut problemstilling 3. Vi legg opp til å teste etterleving av plan- og bygningsloven ved å gå gjennom handsaminga av byggesøknadar i RBO. Samstundes kan casestudien gi informasjon om etterlevinga av internkontrollsystemet. Testing av etterleving fordrar at vi nyttar case-metodikk. Vi vil her gå gjennom og sjekka av minimum 2 dispensasjonssaker og 1-2 saker som er fatta av administrasjonen etter mynde frå politisk nivå. Ved å gå gjennom dispensasjonssakene kan vi sjå likskapar og forskjellar i kva det blir gitt dispensasjon for.

Det vil utarbeidast ein skriftleg sluttrapport som reiegrer for undersøkinga, funn og tilrådingar. Utkast til rapport vil sendast på høyring til relevante aktørar før det utarbeidast ein endeleg sluttrapport. Sluttrapportering til kontrollutvalet vil skje ved framstilling av ein revisjonsrapport. Det vil vere ein raud tråd gjennom rapporten, og rapporten vil vere kvalitetssikra og etterprøvbar.



## 3.2 Aktivitets- og framdriftsplan

Vi vil bruke 220 timar på oppdraget, fordelt på hovudaktivitetane planlegging, gjennomføring og rapportering. Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan:

Faser + aktiviteter	Timer	Oktober				November				Desember				Januar					Februar				Mars					
		40	41	42	43	44	45	46	47	48	49	50	51	52	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14
<b>1 Forberede</b>																												
1.1 Forundersøkelse																												
1.2 Etablere prosjektplan																												
1.3 Godkjenning prosjektplan KU																												
<b>2 Starte opp</b>																												
2.1 Sende oppstartsbrev																												
2.2 Oppstartsmøte																												
2.3 Revisjonskriterier																												
2.4 Dokumentliste																												
2.5 Intervjuplan																												
<b>3 Gjennomføre</b>																												
3.1 Dokumentanalyse																												
3.2 Intervjuguide																												
3.3 Intervjuer																												
3.4 Analyse																												
3.5 Kvalitetssikring																												
3.6 Rapportutkast																												
<b>4 Rapport</b>																												
4.1 Ferdigstille rapportutkast																												
4.2 Høring rapportutkast (2x2 u.)																												
4.3 Oversending av rapport																												
4.4 Presentasjon KU																												
	220																											

Forvaltningsrevisjonen vil ha oppstart i oktober-november, avhengig av når planen blir vedteke. Gjennomføring av forvaltningsrevisjonen vil gå føre seg i november-januar. Vi vil levere rapporten i februar-mars, avhengig av kontrollutvalet sin møteplan.

# 4. Utførande revisorar

## 4.1 Prosjektteam

KPMG sitt team i forvaltningsrevisjonen består av fylgjande:

- ✓ Oppdragsansvarleg: Ole W. Fundingsrud
- ✓ Prosjektleiar: Bjørg Rabbe Sandven
- ✓ Prosjektmedarbeidarar: Magnus Heggen og Magnus Hjellum

# 5. Honorar

I samsvar med avtale.





#### **Kontakt oss**

**Ole Willy Fundingsrud**

**Direktør**

**T** +47 40 63 96 92

**E** ole.willy.fundingsrud@kpmg.no

**Björg Rabbe Sandven**

**Manager**

**T** +47 99 39 65 83

**E** bjorg.sandven@kpmg.no

[kpmg.no](http://kpmg.no)

© 2019 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity. All rights reserved.

The information contained herein is of a general nature and is not intended to address the circumstances of any particular individual or entity. Although we endeavour to provide accurate and timely information, there can be no guarantee that such information is accurate as of the date it is received or that it will continue to be accurate in the future. No one should act on such information without appropriate professional advice after a thorough examination of the particular situation.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2019/34-8  
Sakshandsamar: Hogne Haktorson

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	60/19	11.12.2019

## Selskapskontroll av Podlen Verkstad AS - rapport

### Bakgrunn for saka:

**Kontrollutvalet bestilte i sak PS 27/19 Selskapskontroll av Podlen Verkstad AS i møte 14.05.2019 der det av den godkjende prosjektplanen går fram at føremålet med selskapskontrollen har vore:**

Føremålet med eigarskapskontrollen vil vere å undersøkje om Stord kommune utøver eigarskapet sitt i Podlen Verkstad AS i samsvar med kommunen sine eigarinteresser i selskapet. Vidare vil føremålet med forvaltningsrevisjonen vere å undersøkje drifta av Podlen Verkstad i høve krav til helse, miljø og tryggleik (HMT), internkontroll og GDPR.

Selskapskontrollen vil vere forbetningsorientert, og vil ha som føremål å gi tilrådingar om tiltak dersom selskapskontrollen avdekker forbetningsområde.

Prosjektet er avgrensa til Podlen Verkstad AS. Andre selskap kommunen eig/har eigarandelar i er ikkje omfatta av selskapskontrollen.

### **På bakgrunn av føremålet har følgjande problemstillingar blitt undersøkt:**

#### Del 1: Eigarskapskontroll

1. Har kommunen etablert tydelege føringar for eigarskapet i Podlen Verkstad AS?
2. Blir eigarinteressene til kommunen utøvd i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring?

#### Del 2: Valfri forvaltningsrevisjon

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

3. HMT (Helse, miljø og tryggleik) i Podlen Verkstad AS

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil 91105982 - E-postadresse: [Hogne.Haktorson@hfk.no](mailto:Hogne.Haktorson@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

- a. I kva grad har verksemda system og rutinar for å sikre HMT?
- b. I kva grad etterlev verksemda internkontrollforskrifta § 5 knytt til HMT?
- c. I kva grad etterlev verksemda krav til bruk av personleg verneutstyr i forskrift om organisering, leing og medvirkning?

#### Internkontrollsystem

4. I kva grad har Podlen Verkstad AS etablert eit internkontrollsystem?
5. I kva grad har Podlen Verkstad AS lovpålagte sertifiseringar for ei arbeidsmarknadsbedrift?

#### GDPR

6. I kva grad har Podlen verkstad AS innretta seg etter det nye personvernregelverket (GDPR)? Irekna:
  - a. I kva grad har verksemda etablert tilstrekkelege rutinar for internkontroll på området?
  - b. Har verksemda oversikt over kva personopplysningar dei behandlar?
  - c. I kva grad er det gjennomført risikovurderingar i verksemda?

#### Drøfting:

KPMG har no gjort ferdig selskapskontroll av Podlen verkstad AS. Revisjonsrapport er levert og ligg ved. Rapporten har vore send til uttale hjå rådmannen og selskapet. Uttalane går fram av vedlegg 1 i rapporten.

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med krava i RSK001 Standard for forvaltningsrevisjon.

KPMG har i denne selskapskontrollen nytta dokumentanalyse, intervju og verifiseringsprosessar som metodar. Etter sekretariatet si vurdering er rapporten i samsvar med kontrollutvalet si bestilling.

Det går fram av punkt 7 i rapporten at KPMG tilrår at **Stord kommune** set i verk følgjande tiltak:

- ✓ Kommunen bør utarbeida eigarskapsmeldinga etter KS sin oppdaterte rettleiar for selskapsleiing "Anbefalingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll" framfor "KS Eierforum – 19 råd om eigarskap og selskapsleiing".
- ✓ Kommunen bør sikre at styret sin kompetanse er tilpassa verksemda, og sikre at styret jevnlig vurderer eigen kompetanse.

Deretter går det også fram av punkt 7 i rapporten at KPMG tilrår at **Podlen verkstad AS** set i verk følgjande tiltak:

- ✓ Generalforsamling bør vurdere å vedtektsfesta at Podlen Verkstad skal ha ein valkomité.
- ✓ Styret til Podlen Verkstad bør etablere faste rutinar for å handtere habilitetskonflikhtar.
- ✓ Podlen verkstad bør etablere overordna mål for verksemda på alle område, inkludert HMS.
- ✓ Det bør gjerast risikovurderingar opp mot alle mål, irekna på personvernområdet. Alle risikovurderingar bør samanstillast i ROS-analysen.
- ✓ Podlen verkstad bør etablere eit digitalt, logisk oppbygd internkontroll- og HMS-system.
- ✓ Podlen verkstad bør bearbeide protokollen og personvernerklæringa.

#### Refleksjonar relatert til uttaler.

Som vanleg handtering er, har rådmannen og selskapet hatt rapportutkast til uttale, før rapporten vart endeleg.

Rådmannen melder attende slik: «*Rådmannen meiner rapporten godt oppfyller mandatet og har ikkje noko å merka til det som står.*»

Dagleg leiar innleiar med å undra over kvifor kontrollutvalet ville ha selskapskontroll av Podlen verkstad AS.

Det kan opplysast om at kontrollutvalet fekk utarbeidd overordna analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020. Denne er basert på ei risiko- og vesentlegvurdering av Stord kommune sin

eigarskap i selskap. Prosess undervegs i arbeidet. Her var Podlen verkstad AS eit av selskapa på prioritert liste over kva selskap som kunne få selskapskontroll. Kommunen si eigarskapsstyring var og med på prioritert liste. Denne revisjonen har med begge deler. Planen vart samrøystes vedteken av kommunestyret 24.11.2016 i sak PS 85/16. I same sak fekk kontrollutvalet fullmakt til å gjera endringar og omprioriteringar i planen. Eit samla kontrollutval gjekk inn for å gjennomføra denne selskapskontrollen.

Uttalen har vidare i seg ein del velmeinande innspel, herunder nokre punkt der revisor og dagleg leiar er usamd i nokre vurderingar.

Sakshandsamar merkar seg elles utsagn som «unyttig arbeid», «stor pengesløsing», «svært avgrensa verdi for bedrifta» og «det er grenser for kor mange tilrådingar me kan og bør følgja», og har sjeldan sett tilsvarende frå den reviderte part. Dette er truleg uttrykk for frustrasjon. Dersom det og er forakt for kommunestyret sin vedtekne plan og det å bli revidert, er det mindre hyggeleg. Naturleg nok går det med tid dersom det er revisjon ift. det selskapet ein leiar eller den kommunen ein er administrasjonssjef for. Det skal ein vera merksam på. Men lovgjevinga i Noreg har no likevel i seg at kontroll og tilsyn er viktige bidrag totalt sett ift. forvaltning av offentlege midlar. Det er i grunnen greitt når det vert konstatert mange forbetringpunkt som kan gjera verksemd eller kommune betre.

### Konklusjon:

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp kommunestyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltingsrevisjon. Det vert vist til ny kommunelov § 23-2 e der det står:

*«Kontrollutvalet skal påse at vedtak som kontrollutvalet eller fylkesting treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp»*

Forslag til innstilling i saksframlegget byggjer på forslag til tiltak i rapporten, men er forsterka noko, gjerne ved at ordet bør er skifta ut med andre ord. Det vil vera naturleg at Stord kommune som eigar i selskapet får ansvar for å sette i verk naudsynte tiltak i høve tilrådingane som gjeld kommunen. Vidare vil det vera naturleg at Podlen verkstad AS får ansvar for å sette i verk naudsynte tiltak i høve tilrådingane som gjeld selskapet.

Det vert rådd til at rådmannen i Stord kommune vert anmoda om å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.05.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Det vert også rådd til at kontrollutvalet innstiller på å be Podlen verkstad AS om å syta for å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.05.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

### **Forslag til innstilling**

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Podlen verkstad AS ber kommunestyret **rådmannen** syta for å:

1. Utarbeida eigarskapsmeldinga etter KS sin oppdaterte rettleiar for selskapsleiing "Anbefalingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll" framfor "KS Eierforum – 19 råd om eigarskap og selskapsleiing".
2. Sikra at styret sin kompetanse er tilpassa verksemda, og sikre at styret jevnlig vurderer eigen kompetanse.
3. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.05.2019 som visar kva tiltak kommunen skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.



På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Podlen verkstad AS ber kommunestyret **selskapet** syta for at:

1. Generalforsamlinga vedtektsfestar at Podlen Verkstad skal ha ein valkomité.
2. Styret til Podlen Verkstad etablerer faste rutinar for å handtere habilitetskonflikhtar.
3. Podlen verkstad bør etablere overordna mål for verksemda på alle område, inkludert HMS.
4. Å gjera risikovurderingar opp mot alle mål, irekna på personvernområdet. Alle risikovurderingar bør samanstillast i ROS-analysen.
5. Podlen verkstad etablerer eit digitalt, logisk oppbygd internkontroll- og HMS-system.
6. Podlen verkstad bearbeidar protokollen og personvernerklæringa.
7. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.05.2019 som visar kva tiltak selskapet skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Rapport etter selskapskontroll av Podlen Verkstad AS.



# Podlen Verkstad AS

**Rapport etter selskapskontroll**  
Stord kommune

November 2019

[www.kpmg.no](http://www.kpmg.no)

# Forord

Etter vedtak i kontrollutvalget i Stord kommune 14.05.19 har KPMG gjennomført ein selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Podlen Verkstad AS. Denne rapporten er svar på kontrollutvalet si bestilling.

## Oppbygging av rapporten

Våre konklusjonar og tilrådingar framgår av rapporten sitt samandrag.

Kapittel 1 har ei innleiing til rapporten. Her blir føremål, problemstillingar, revisjonskriterier og metode presentert. I kapittel 2 skildrast kort verksemda Podlen Verkstad AS. I kapittel 3 presenterer vi resultata av selskapskontrollen del 1: Obligatorisk eigarskapskontroll. Her blir evalueringskriterier konkretisert, samt at fakta og vurderingar blir presentert. I kapittel 4-6 presenterer vi resultata av selskapskontrollen del 2: Valfri forvaltningsrevisjon av Podlen Verkstad AS. Her blir fakta og våre vurderingar presentert per problemstilling. Revisjonskriterier er tatt inn i vedlegg 2. I kapittel 7 presenterer vi våre tilrådingar til Stord kommune som eigarkommune og til Podlen Verkstad AS. I kapittel 8 er rådmannen sin uttale til rapporten tatt inn.

Vi vil særskilt takke Podlen Verkstad AS for samarbeidet og for den gode hjelpa vi har fått i arbeidet vårt med forvaltningsrevisjonen av selskapet. Vi vil også takke Stord kommune for den hjelpa vi har fått i arbeidet med å samle inn dokumentasjon frå kommunen.

Bergen, 19.11.2019



Ole Willy Fundingsrud  
Engasjementspartner

# Samandrag

## Eigarskapskontroll

